

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2020

Voss 01.01.2021

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Kasserar: Åse Margrethe Kyte

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme

Valnemnd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemnd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2020 har det vore 6 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 8 arbeidsmøte.

Me har hatt møte i «Artistkonsulatet» for aktivitet på amfiet neste år, med Bygdaklang om ny oppsetjing av Skifersongen i 2020 / 2021. I tillegg har me hatt møte med kommunen angående kulturstien, og med Jørn Lekve som har samla historie frå den eldre garde. Dette er sikra med intervju, bild og video. Bokprosjekt ligg på vent.

Me har hatt fleire møter med geolog Seljebotn, som har stor steinsamling han gjerne vil vise fram. Planen er å setja i stand Holahytta der utstillinga skal stå permanent. Geologen har mykje interessant å fortelja og vise fram. Dette passer godt inn i våre planer.

Det har vert synfaring med Seglmakar Iversen om duk over amfiet, planarbeidet er godt i gang med mål om å ha det klart til Mai / Juni.

På tampen av året fekk me på plass avtale om parkering for kulturstien utanfor bommen på Grimsflaten. Parkering ved saga på Norheim er avvikla, da grunneigar hadde bruk for plassen sjølv.

Viktige hendingar:

2020 har vert eit spesielt år for oss all, slik også på Hedleberget. Planer for 2020 var lagt, men så kom korona pandemien og endra dette. Planar for oppsetting av Skifersongen 12 – 13. Juni var på plass, og hos Bygdaklang var øvinga i gang. Trekkspel kveld med Odd Hagen og Steinar Hårklau 17. April var satt, og program var på plass. Også dette måtte vike for korona.

Utover sommaren var det mykje uvisse. Den planlagde Odd Nordstoga konserten i august vart kansellert, men utover vår / sommar gikk smittetala ned, og det vart tillat med arrangement for inntil 200 personar. Me fekk då avtale med Nordstoga om to konsertar a 200 same dag. Det vart lagt gode logistikkplanar, og dugnadsgjengen

gjorde ein fantastisk innsats og heldt gruppene avskilt. Også plassering i amfiet med ein meter avstand vart godt gjennomført. Me fekk gode tilbakemeldingar frå skjenke- og smittekontrollørane.

I tillegg var det totalt 7 andre aktivitetar på Hedleberget i 2020. Barsedåp, konfirmasjon, 2 skuleklassar, privat tilstelling på Kvammabenken, blå turar og trimdamene sin juleavslutning.

Totalt har det vert 6 - 700 personar som gjester på berget dette året, til tross for korona. Dette i tillegg til alle som går kulturstien.

Søknadar:

Me har søkt og fått støtte frå Voss Sparebank til innkjøp av bord og stolar som er på plass i Songvehytta, og til duk over amfiet i tilfelle nedbør under konsert. Totalt kr.

68.750,-. Støtta frå Voss Sparebank har vert veldig viktig for vår arbeid.

Frå kraftfondet har vi fått kr. 25.000,- i støtte til toalett ved Songvehytta. Søkt i 2018.

Som frivillig organisasjon har vi i 2020 mottatt kr. 24.790,- i moms kompensasjon.

Dugnad:

Også i år har det vert nødvendig skogrydding, det er lagt ned mange dugnadstimar.

Skiferen er ferdiglagt på toalett-taket ved Songvehytta.

Vi har fått hand om større mengde brukt skifer, frå Fagerbakke på Løno, og frå Hemre Bygg AS. Dette er kjørt på plass og satt i fine «stoplinga» som kulisser på Sigurdbenken.

Det er rydda skog rundt Holahytta, og terrenget rundt hytta er senka slik at det er klart for restaurering. Begge bommane er flytta, og det er laga ny parkering.

Svein Kyte med sin gamle brøyt har gjort jobben.

Det er i år lagt ned ca 350 dugnadstimar i tillegg til alle møter.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grasrotmidlar" Me set stor pris på at me vert vald som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491.

Me har lagt bak oss koronaåret 2020 med litt aktivitet, og plan for 2021 er i gang.

Målet er å holde aktiviteten oppe, men mykje er uvist. Det vert ingen mai / juni konsert dette året.

For styret:

Ingmar Hårklau